



Frivillighetssentralen: Ein
mulighet for deg som
ikkje har familie
i nærleiken, eller treng
støtte **telefon: 481 87 762**

Omsorgsbustad

BRANNVERN — leiligheta er tilknytt Vindafjordtunet

sitt alarmsystem, og dersom noko oppstår vil dette bli
fanga opp hjå dei tilsette. Alarmen kan gå i samband
med øvingar blant personalet på institusjonen.


**Omsorgsbustaden på Vindafjordtunet har fire
stover med tilsaman 25 omsorgsbustadar.**

Fuglen — sju bustader samt lokaler til Dagsenter for
heimebuande med demens

Tjort — seks bustader samt lokaler til Dagsenter

Hovda — seks bustader samt stove med kjøkken til
utlån for bebuarane i alle omsorgsbustadane

Lysenuten — seks bustader samt kjøkken brukt til
fellesmiddag. Stove m/kjøkken til utlån. Kontakt per-
sonalet.



**Omsorgsbustad
v/ Vindafjordtunet
Kårhusvegen 5
5578 Nedre Vats**




Vindafjordtunet på Kårhus

Avdelingssjukepleiar omsorgsbustader/
heimesjukepleie telefon 53 65 59 27

Ansvarsvakt/sjukepleiar, døgnbemanna
telefon 979 85 321

Heimesjukepleien Omsorgsbustadane
Telefon: 979 85 301 / 979 85 315

**Fuglen
Tjort
Hovda
Lysenuten**



Kårhusvegen 5

Nedre Vats

Bebuar i Omsorgsbustad



Alle har husleige kontrakt

m/ Vindafjord Kommune

Har ein spørsmål ring

servicetorget :

53 65 65 65

Eller Tenestekontoret

53 65 60 47/

53 65 60 50

Dei fleste som flyttar til omsorgsbustad har behov for fleire tenester frå kommunen.

Alle tenester må søkjast

om.

Tildeling av tenester vert gjort etter individuell vurdering.

Sjølvs om ein er nær institusjon på Vindafjordtunet er ein å rekne som **heimebuande** på lik linje med andre innbyggjarar i kommunen og ein får tenester etter enkelt vedtak.

Vanlege tenester ein kan søkje:

Heimesjukepleie : Ved behov for personlig hjelp. Heimesjukepleien tilpasser tenesta etter ditt behov.

Praktisk bistand, heimehjelp : Me anbefalar deg å ha godt utstyr til heimehjelpa di; vaskebøtte, mopp, fleire klutar og reingjeringsmiddel. Utfører reinhald etter vedtak basert på ditt behov

Trygghetsalarm: Nyttast ved behov heile døgnet, men kun der ein ikkje kan venta på evt faste heimesjukepleietilsyn.

Dagsenter: det er tilbod om ordinært dagsenter samt dagsenter for personer med demens.

Annan informasjon:

FELLES MIDDAG - ynskjer du å delta på fellesmiddag på ei av stovene, kontakt heimesjukepleie eller kjøkken ØOS(53 65 60 05)

PÅRØRANDE / NÆRMASTE FAMILIE : er ei god og viktig støtte. La dei bidra med rydding, klesvask og innkjøp om du ikkje mestrer dette sjølv. Joker i Øvre Vats tilbyr heimkjøring av varer om ynskelig 1 gong/veke.

BRUK AV LEGE — Du skal henvende deg til fastlegen din eller bruke legevakt ved behov. Avtal følge med dine pårørande. Fastlege kan sende elektroniske meldingar til apotek eller heime-teneste.

KJØKKEN: Me anbefalar deg å ha utstyr som ; mikrobølgeovn, kaffetraktar og vannkokar. Oppvaskemaskin (liten type) kan koplas opp av røyrlaggar, eller du kan vaske opp sjølv. Heimesjukepleien vaskar dessverre ikkje opp for gjester.

KLESVASK: det er opplegg for vaske- maskin i boden tilknytt leiligheten. Ellers er det felles vaskerom du kan bruke. Ha korg og vaskemiddel med deg. Fest navnelapp på maskinen.

POSTKASSA henges opp ved hovudutgangen. Husk å endre adresse både hjå post og folkeregisteret. **SØPPEL :** det er felles søppelrom. Kast søppelet enten her eller ute i containeren.

Om du klarer å hente post og kaste søppel sjølv får du også dagens gåtrim. Ute i gangen treff du sikkert andre som gjerne slår av ein prat.

KONSERTER, ANDAKT OG ARRANGEMENT. Det skjer forskjellig på huset, følg med på oppslagstavla! Det er og tilbod om fotpleie og frisør på huset. Sjå oppslag om tlf nr.

Du kan pynte litt utanfor døra di og ha gjerne eit personleg dørskilt..

Håpar du vil trivast!